

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 18.11.2016
SAKSHANDSAMAR: Synnøve Teigelid
SAKA GJELD: **Pasientreiser utan rekvisisjon - gjennomføring av prosessar ved innføring av ny løysing «Mine pasientreiser»**

ARKIVSAK: 2016/2770
STYRESAK: 145/16

STYREMØTE: 07.12. 2016

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek gjennomgangen av prosessar og handtering av berørte tilsette i omstillinga av pasientreiser utan rekvisisjon til orientering.

Oppsummering

I styresak 063/16, 4. mai 2016, blei det gjort greie for arbeidet med å tilpasse føretaka sin organisasjon for pasientreiser som ei følgje av det nasjonale prosjektet «*Mine pasientreiser*», og styret bad om å bli orientert om prosessar og handtering av tilsette på eit seinare tidspunkt. Denne saka gjer greie for korleis omstillinga er gjennomført og korleis forholda til dei berørte tilsette er løyst.

Lokale omstillingsdokument legg rammene for omstillingsprosessar i føretaka, og er retningslinjer som hjelper leiarar, verneombod og tillitsvalde med å gjennomføre endringsprosessar på ein god måte. Ved å følgje omstillingsdokumentet sikrar ein interessene til føretaket, medarbeidarane og arbeidsmiljøet. I tillegg er det ei sjekklister som sikrar at gjeldande lov og avtaleverk blir følgt. Omstillinga er gjennomført på ein god måte utan protokollføringer som signaliserer ueinigheit mellom arbeidsgjevar og arbeidstakar. Pasientreiser i Helse Førde vil vere i omstilling fram til verksemdoverdraging til Pasientreiser ANS.

Fakta

I styresak 063/16, 4. mai 2016, blei det gjort greie for arbeidet med å tilpasse føretaka sin organisasjon for pasientreiser som ei følgje av det nasjonale prosjektet «*Mine pasientreiser*». Følgjande vedtak blei gjort:

1. *Styret for Helse Vest RHF slutter seg til den anbefalte løysningen der pasientreiser utan rekvisisjon organisatorisk legges til fire regionale enheter og et nasjonalt selskap.*
2. *Styret i Helse Vest RHF godkjenner at ansvar for oppgaver innenfor pasientreiser utan rekvisisjon på kort sikt overføres til Helse Førde HF.*
3. *I løpet av ett år etter at ny løysning er satt i full drift, skal det vedtas en plan for overføring av de regionale enhetene til Pasientreiser ANS.*
4. *Styret ba om å bli orientert om gjennomføringa av de videre prosessene og om hvordan forholda til berørte ansatte blir løst*

Denne saka er ei oppfølging av punkt fire i vedtaket, og beskriv korleis omstillinga er gjennomført og korleis forholda til dei berørte tilsette er løyst.

Det er etablert ei regional eining for pasientreiser utan rekvisisjon i Helse Førde som saksbehandlar alle reiser utan rekvisisjon i regionen gjennomført etter 1. oktober. Desse sakene vert behandla etter nytt regelverk og i nytt system. Den tekniske løysinga har fungert utan driftsstans sidan oppstart. Mengde saker og fordeling mellom post og digital innsending har vore omtrent som forventa.

Saker som gjeld reiser sett i verk før 1. oktober blir saksbehandla som før i dei respektive føretaka. Denne type saker er venta å minke raskt. Bygd på erfaring er halvparten av krava fremja innan éin månad. 1. april vil det ikkje lenger vere mogleg å fremja krav etter gammalt

regelverk, og då vil Helse Bergen, Helse Fonna og Helse Stavanger ikkje lenger ha behov for saksbehandlingskompetanse.

Føretaka er sjølve ansvarlege for å realisere gevinstar ved at mange årsverk frigjer seg frå saksbehandling. For regionen samla forventar ein å gå frå ca. 33 årsverk til ca. 4 årsverk som jobbar med saksbehandling av reiser utan rekvisisjon. Føretaka har vore opptekne av å involvere arbeidstakarane på ein god måte gjennom heile prosessen. Gjennom vedtak i dei fire RHF-styra er Pasientreiser ANS tildelt ansvaret for ein større del av arbeidsprosessane for pasientreiser utan rekvisisjon frå 1. oktober 2016. Det er forventa at Pasientreiser ANS vil ha behov for å auke tal tilsette med ca. 34 årsverk i 2017 i forbindelse med at det tar noko tid å få opp mengde digitale søknadar. Det er forventa at denne pukkelkostnaden blir redusert i takt med auka mengde digitale innsendte krav.

Sjølve omstillinga vert regulert gjennom lokale omstillingsdokument. Desse dokumenta set rammene for omstillingsprosessar i føretaket, og er retningslinjer som hjelper leiarar, verneombod og tillitsvalde til å gjennomføre endringsprosessar på ein god måte. Ved å følgje omstillingsdokumentet sikrar ein interessene til føretaket, medarbeidarar og arbeidsmiljøet. I tillegg er det ei sjekklister som sikrar at gjeldande lov og avtaleverk blir følgt. Omstillingsdokumenta har nokre forskjellar mellom føretaka ved at ein nyttar ulik nemning på fasar og grupper, men dokumenta legg i hovudsak same aktivitetar til grunn. Dei seks fasane og status i dei ulike føretaka er vist under.

Fase/føretak	Helse Bergen	Helse Fonna	Helse Førde	Helse Stavanger
1. Innleiande informasjonsmøter m/protokoll på omstillinga	V	V	V	V
2. Avklare utvalskrets – kven skal bli omfatta av omstillinga	V	V	V	V
3. Avklare kriterier for kven som skal veljast innanfor utvalskretsen	V	V	V	V
4. Individuelle samtalar med kartlegging	V	V	(V)	V
5. Drøftingsmøte - Presenterer kven som vert berørt	V	V		V
6. Effektuerer avgjersla (Frivillig avtale, endringsoppseiing, oppseiing)	V	V		V

Som det kjem fram av tabellane er formalitetane i omstillinga slutført i alle føretak som ikkje lenger skal saksbehandle reiser utan rekvisisjon. Helse Førde legg til grunn at pasientreiseeininga er under omstilling fram til den regionale eininga er verksemdoverdregen til Pasientreiser ANS, og har såleis ikkje slutført omstillinga. Vidare prosess for verksemdoverdraginga er behandla i styret i Pasientreiser ANS. Arbeidet med å utarbeide ein plan for overdraginga startar 1. kvartal 2017, og vil leggjast fram for styret i Pasientreiser ANS i juni 2017. Det er venta at samling i ei juridisk eining skjer med verknad frå 01.01.2018.

I omstillingsarbeidet er det hausta erfaringar som vert teke inn i dei lokale omstillingsdokumenta for å kunne gjere omstillingsprosessar endå betre i framtida. Det er ikkje komme nokon protokollføringar som signaliserer ueinigheit mellom arbeidsgjevar og

arbeidstakar i arbeidet med omstilling som følgje av endringar i pasientreiser utan rekvisisjon.

Status for dei enkelte tilsette som vert berørt av omstillinga er ulik i dei ulike føretaka, hovudtrekka er som følgjer:

- ✓ Helse Bergen: Nye arbeidsoppgåver er blitt overført til pasientreiseeininga frå andre einingar, og berørte tilsette i lokal omstilling blir overført til andre oppgåver i tråd med behovet. Nye arbeidsoppgåver er så nær eksisterande oppgåver at det ikkje er behov for frivillige avtalar eller endringsoppseiingar.
- ✓ Helse Fonna: 5 personer har fått endringsoppseiing. Status per 1. oktober er at tre av dei fem har fått anna relevant arbeid i føretaket. Dei to siste vil ha fortrinn til ledige stillingar fram mot april 2017, då all saksbehandling av reiseoppgjer etter gammalt regelverk skal vere slutført. Tillitsvalde og verneombod har i all hovudsak evaluert prosessen knytt til endringa som god.
- ✓ Helse Førde: Føretaket vil halde fram med dagens bemanning fram til april 2017 for å absorbere overføringa av regional eining. Omstillinga fram til no har dreia seg om etablering av regional eining. Helse Førde legg til grunn at verksemda er i omstilling fram til bemanningsbehovet i regional eining endeleg er avklart, og verksemdoverdraging til Pasientreiser ANS er avklart. Aktivitetane 3 til 6 i omstillingsdokumentet må såleis gjennomførast på nytt på eit seinare tidspunkt.
- ✓ Helse Stavanger: Avgjerda om kven som er omfatta av nedbemanninga ved Pasientreiser i Helse Stavanger HF er teken. Stillingsbudsjettet vert redusert med seks årsverk frå og med 2017. Dei som skal omplasserast er gitt fortrinnsrett på andre stillingar i føretaket som dei er kvalifisert til. Dei vil jobbe ved Pasientreiser inntil vidare gjennom diverse ledige vikariat og ved å dekke opp sjukefråvær.

Kommentarar

Framstillinga over viser at omstillinga er godt planlagt og at arbeidet skjer etter lokalt forankra avtalar og retningslinjer. Medarbeidarane sine interesser er tatt hand om gjennom informasjonsmøter, skriftleg informasjon, dialog og formelle drøftingar med dei føretakstillitsvalte og vernetenesta. Erfaringar frå omstillinga er teke inn i eksisterande avtalar og retningslinjer.

Konklusjon

Administrerande direktør tilrår at styret tar gjennomgangen til orientering.